



Bryne sokneråd

Postboks 373
4349 BRYNE
Tlf: 51 77 03 70
Faks: 51 43 03 60

Bryne 18.03.2010

Referat frå møte i Bryne sokneråd 2010-2011

Møtedato: 11.03.2010
Møtetid: kl. 18:30
Møtested: Time kyrkjekontor (Pauserom)

Tilstede:

Ruth Stabel Berg, Magnor Erlend Oma, Gabriel Tengsareid, Brit Frøyland, Synnøve Hatle, Rolf Heskestad, Tor Magnus Sivertsen, Elisabeth S. Obrestad, Stein Ødegård.

Meldt forfall:

Annlaug Else Ferking, Solveig Martinsen, Liv Ingunn Serigstad.

Referat

Referat er godkjent med ein endring, Jonas Frøyland ikkje Jostein som det stod i referatet.
Innkalling er godkjent.

Besøk av Prost Kjell Børge Tjemsland.

Soknerådet er leiarskap.

Kom med ein visjonsvimpel: JESUS STOLTHET.

Misjonar kyrkjelyd – tenk misjon!

Viktig med tilbakemelding til prestane.

Kva er bra og kva er ikkje så bra?

Menighetsutvikling.

Bra at Bryne brukar NaMu! Det er ikkje eit perfekt reiskap, men er det beste me har. Oppfordring om å fortsetje med det. Viktig med menighetsutvikling!

Gjevarteneste.

Det er viktig å ta fatt i! Viss me vil noko som kyrkjelyd må me skape noko sjølv.

Strategiplan.

Bra! Bruk den og revider den.

Trusopplæring.

Viktig! Har mista ein arena på skulen. Den viktigaste trusopplæringa skjer i heimen. Dele den kristne trua.

Kyrkja / Bedehus.

I vår samanheng har me eit godt forhold kyrkja/bedehus.

Drøftingssak

Ut i byen – stand på Jærdagen. Soknerådet ynskjer at der skjer noko i kyrkja på kveldstid Jærdagen.

Soknerådet dekkar inntil kr 5.000,- av utgifter i samband med arrangement.

Sak 004/09 Ungdomsutvalet

Vedtak:

Saka utsett til neste møte.

Sak 007/10 Årsmelding BSR 09.

Vedtak:

Årsmelding for Bryne sokneråd 2009 er godkjent med dei endringar som kom fram i møte. Endringane gjaldt tilføyning av namn i komitear.

Sak 008/10 Årsmøte Bryne kyrkjelyd 18.04.10.

Vedtak:

Årsmøte rett etter gudsteneste i kyrkjesalen.

Aktivitet for ungane i kjellaren under årsmøte, Ruth ordnar det.
Servering av middag i kjellaren etter årsmøte.

Trekkja fram 9:13 arbeidet, Ingfrid kjem og fortel litt om kva arbeidet går ut på. (5 min).
Orientering om glaskunstprosjektet og endringar som skal skje med kyrkja, ved Stein Ødegård. (5 min).

Sak 009/10 Kyrkja ut i byen.

Vedtak:

Magnor E. Oma og Rolf Heskestad er valt til å arbeida vidare med økonomi, glaskunstprosjektet.
Dei vil konferere med den andre komiteen.

Sak 010/10 Kors på Bryne kyrkje?

Vedtak:

Prosjekt glaskunst er nå godt i gang, og me ynskjer å vente med dette til glaskunsten er ferdig.

Eventuelt

Småbord ved kyrkjekaffi?

Magnor E.O. orientere frå FR etter kvart møte. Be om at referat frå FR blir sendt på mail til SR.

Be FR om det kan ordnast med skilt som viser vegen til Bryne kyrkje.

Gabriel T. har laga forslagskasse til Bryne sokneråd, den heng i kyrkja. Informere på gudsteneste. (SØ)

For Bryne sokneråd

Elisabeth S. Obrestad
Sekretær